



HORDALAND FYLKESKOMMUNE

Postboks 7900

5020 BERGEN

Referanser:

Dykkar:

Vår: 15/2301 - 15/32175

Saksbehandlar:

Atle Vaage

Atle.Vaage@lindas.kommune.no

Dato:

15.10.2015

## Søknad tilskot til open hall 2015

Lindås kommune søker med dette om kroner 40 000 i tilskot til opne idrettsanlegg 2015.

Lindås kommune har i 2015 hatt følgjande tilbod innan opne idrettsanlegg;

Open hall kvar fredag 16-17.30 i Nordhordlandshallen i samarbeid med Knarvik idrettslag. Tilbodet er ope alle fredagar som er skuledag i skuleruta. Tilbodet vert vidareført i 2016. Idrettslaget stiller med leiarar og utstyr på dugnad, Lindås kommune gir gratis bruk av hallen og kommunalt eigd utstyr.

Open hall/fri aktivitet i Lindåshallen 1-2 timar alle kvardagar kor Lindås Idrettslag har aktivitet i hallen, i regelen måndag til torsdag i tida frå september til mai. Lindås kommune gir gratis bruk av hall og kommunalt utstyr, samt betalar Lindås Idrettslag for å ha hallvert-ordning i hallen. Idrettslaget stiller med utstyr. Tilbodet vert vidareført i 2016.

Open hall i skuleferiar i Nordhordlandshallen og Lindåshallen. Lindås kommune betalar Nordhordland Ballklubb og Lindås Idrettslag for å stilla med nødvendige hallvertar til tilbodet, vanlegvis fire vakter i Nordhordlandshallen og to i Lindåshallen. I tillegg gis gratis bruk av hall og kommunalt utstyr. Idrettslaga stiller vakter og utstyr. Tilbodet er i utgangspunktet dei to første og to siste vekene i skulane sin sommarferie, samt vinterferie og haustferie. Tilbodet gir og attraktive sommarjobbar/deltidsjobbar for ungdom. Lindås kommune sine utanlegg står til fri disposisjon dersom deltakarar på open hall ønskjer å nytta desse.

Tilbodet vert vidareført i 2016 med budsjettert kostnad på 200 000 for Lindås kommune til open hall. Desse pengane vert nytta til å betala Nordhordland Ballklubb og Lindås Idrettslag for å stilla vakter på tilbodet. I tillegg altså kostnad med hallvert på Lindås dei timane kor det er open hall/fri aktivitet på vanlege kvardagar, samt kostnad med reinhald i feriar kor hallane elles normalt ville vore stengt. Lindås kommune dekkar og eiga forsikring mot eventuelle personsaker som måtte oppstå under open hall.

---

### Post

postmottak@lindas.kommune.no

Dokumentsenteret

Kvernhusmyrane 20, 5914 Isdalstø

### Kontakt

www.lindas.kommune.no

Telefon +47 56 37 50 00

Telefaks +47 56 37 50 01

Konto 3201.05.89311

Org.nr. 935 084 733



Open hall i Lindås er primært for barn frå skulealder til 19 år. Yngre barn får koma i følgje med vaksen. Det er i stor grad lagt opp til at deltakarane sjølv skal ta initiativ til ulike aktivitetar og organisera desse. Lindås kommune har hoppemadrassar i begge hallar, og desse er mykje i bruk. Vakter kan organisera miniturneringar, konkurransar mm. Det er utarbeidd instruks for vakter, der det mellom anna er lagt vekt på at desse skal forsøka å aktivisera barn som av ulike årsaker fell utanfor leik.

Vanlege dagar i ferien kan det vera ca 100 barn og unge i snitt i Nordhordlandshallen, og kring 50 i snitt i Lindåshallen.

Kontaktperson Nordhordland Ballklubb, Erlend Andaas 94004190

Kontaktperson Lindås Idrettslag og leiar Lindås Idrettsråd, John Helge Walderhaug 41437940

Med helsing

Atle Vaage

fagansvarleg idrett og grønt

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Kopi til:**

Eileen M Feste

**Mottakarar:**

HORDALAND FYLKESKOMMUNE

Postboks 7900

5020

BERGEN